
Vår referanse 2020/34829-17
Dato 28.09.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Tilbakemelding - Ny begrensa høyring - Manger sentrum aust - PlanID 12602018000300 - Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune om ny begrensa høyring for reguleringsplan Manger sentrum aust, datert 07.09.2021. Frist for tilbakemelding er 30.09.2021. Etter vår tilbakemelding datert 18.02.2021, er det gjort nokre endringar i planforslaget.

Uttale

Vi har gått gjennom endringane som kjem fram av ny begrensa høyring.

Det er no regulert inn ei trafikkøy i kryss mellom o_SV1 og o_SKV9. Det er og lagt til eit nytt føresegn § 5.4 om utforming av trafikkøy, som seier;

«Trafikkøy (o_SVT1-2) skal opparbeidast med ikkje-avvisande kantstein, i tråd med krava gitt i Statens vegvesen si ein kvar tids gjeldande handbok N100. Plassering av eventuelle skilt skal avklarast med rett vegmynde/vegeigar.»

Det er og gjort endringar av dei nye avkøyrslene for BKB2 og BN2, som er blitt flytta lengre nord, som var noko vi har bede om tidlegare. Eksisterande avkøyrslar her er no vist med stengjesymbol i plankartet, og dei er komme med under føresegn § 3.3 om rekkjefølgjekrav.

Vestland fylkeskommune akseptarar endringane som er gjort i planen i høve til trafikkøy i kryss, utforminga av den og med nytt føresegn. Vi er og positive til dei nye avkøyrslene for BKB1 og BN2 og oppdatering av rekkefølgjekrav om stenging av eksisterande avkøyrslar.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift